



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

Saksbehandlar:

Marit Karlberg

Arkivsaksnr: 17/595

Arkiv: 144

**Behandla av:**  
Formannskapet

**Møtedato**  
07.09.2017

**Saksnr:**  
081/17

## Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021

Utskrift til:

### Vedlegg:

1. utkast til "Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018 – 2021"

### Bakgrunn for saka:

"Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014 – 2017", vedteken av kommunestyret i sak 066/13, skal reviderast.

### Saksopplysningar:

Kommunedelplanen er eit politisk dokument og skal vere ein styringsreiskap for å oppnå kommunen sine målsettingar på området idrett og fysisk aktivitet. I tillegg til handlingsplan for utbygging av anlegg, inneheld planen registrering av lag og organisasjonar, organisert og uorganisert aktivitet og handlingsplan for aktivitet.

Kulturdepartementet krev at alle kommunar skal ha ein plan for idrett og fysisk aktivitet for å kunne søkje tilskot til anlegg. Planen er å rekne som ein kommunedelplan i kommunens planstrategi.

Det er eitt krav at planen skal reviderast kvart 4. år. Det vil seia full saksbehandling etter Plan – og bygningsloven § 20-5 med sluttbehandling i kommunestyret. Handlingsprogrammet blir rullert kvart år. Eit tverrfagleg planforum, leia av kulturansvarleg for idrett, har hatt ansvar for kommunedelplanarbeidet. Forumet har bestått av: Svein Erik Lunde (leiar av idrettsrådet), Liv Vingdal (folkehelsekoordinator), Gunnar Kværne Amundsen (avdeling for næring og byggesak), og Marit Karlberg (kulturansvarleg for idrett). Utvalet har hatt 1 møte.

Frivillige lag og organisasjonar, skular, barnehagar, samarbeidsutval og grendelag har hatt høve til å uttale seg til planen og å kome med innspel til handlingsprogrammet. Brev vart

sendt ut 19.04.17. med svarfrist 07.06.17. Kommunen mottok 1 skriftleg innspel før fristen, men fekk seinare ein del munnlege og skriftlege innspel som er tatt med i planen.

Nemnda for kultur, utvikling og næring skal i møtet gje råd med omsyn til

1) mål og tiltak for planperioden,

2) handlingsprogram for anlegg

og fatte framlegg til vedtak som skal sendast på høyring til Idrettsrådet, spelemiddelsøkjjarar og andre aktuelle høyringspartar.

Det har kome 8 innspel til handlingsprogram for anlegg.

**Rogne idrettslag** vil sende ny søknad i forhold til rehabiliteringa av klubbhuset. Total kostnad er kr. 589.000. Arbeidet er allereie godt i gang, og søknaden er godkjent av fylket. Dei vil også rehabiliterer styrkerommet, her er kostnaden kr. 450.000. Ny lysløype er under planlegging i området Rogne skule-Solhauglia. Totalkostnaden er 2.2 mill.

**Øystre Slidre idrettslag** ønskjer å laga til eit orienteringskart for Beitostølen vest, kostnad 80.000.

**Beitostølen Helseportsenter** vil rehabiliterer svømmeanlegga sine i løpet av fireårsperioden. Total kostnad er kr. 7.200.000.

**Øystre Slidre kommune** ønskjer å søkje spelemiddel til trillestigen Garli-Skiheistoppen med retur. Kostnaden her er 1.1 mill. Dei vil også rehabiliterer bryggeanlegget på Furustrand med tanke på funksjonshemma, og få til ei baderampe for utkøyring av rullestol. Total kostnad er kr. 600.000. Utvikling av eit aktivitetsanlegg på Furustrander også under planlegging med totalkostnad på kr 300.000.

### **Vurdering:**

Mål og tiltak innanfor idrett og fysisk aktivitet i Øystre Slidre kommune bør støtte arbeidet med å leggje til rette for at anlegg og aktivitetar som skal kunne nyttast av alle, også dei funksjonshemma.

Tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet er viktige tiltak for ei betre folkehelse. Fokuset på trening og fysisk aktivitet er stort frå myndigheiter, samfunn og medier. Samtidig som fleire trenar regelmessig, viser ferske tal at kun 20 % av dei vaksne rører seg nok i forhold til anbefalingane. Det blir altså stadig mindre kvardagsleg kroppsleg aktivitet som dei fleste ikkje oppfattar som trening.

Grunnlaget for gode vanar og dei unges fritidsinteresser blir lagt i tidleg skulealder. Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet anbefalar barn i Noreg å vera i aktivitet, minst 60 minutt kvar dag. Målingar viser at jenter er mindre aktive enn gutar.

Undersøkingar viser at om lag halvparten av dei som startar med organisert trening, vil slutte i løpet av relativt kort tid. Lågterskeltilbod ser ut til å fungere best. Dei er kjenneteikna av at dei er tilpassa og valgt av den enkelte, og at aktiviteten drivast i nærmiljøet saman med andre. Tilhørigheit og fellesskap aukar glede og motivasjonen, og er, saman med tett oppfølging og støtte, sentrale faktorar for å redusere fråfall

Utbygging av anlegg skal ta utgangspunkt i kva som trengs, og planen skal medverke til å unngå at prioriteringar blir gjort ut frå kortsiktige ynskje og særinteresser.

Tre av dei planlagde anlegga er spesielt retta mot funksjonshemma: Svømmeanlegga på Beitostølen helsesportsenter tener ei prioritert målgruppe i planen. I tillegg er svømmeanlegga opne for lokalbefolkninga og blir nytta av Lidar skule i svømmeopplæringa. Svømmeanlegget er 21 år gammalt og rehabilitering er viktig for å unngå forfall.

Baderampe for utkøyring av rullestol på Furustrand og trillestigen frå Garli til Skiheistoppen med retur er også tiltak spesifikt retta mot funksjonshemma.

Lysløyypa som Rogne idrettslag planlegg er eit anlegg som vil tene både barn og vaksne, og som vil vera gunstig for utvikling av skiferdigheiter hjå alle grupper. Det eksisterer i dag lysløyper både på Beitostølen og på Storefoss, og ein kan også nytte seg av anlegget i Skrautvål, men nærleiken til buområde og skule vil likevel kunne rettferdigjera ei slik satsing.

Orienteringskartet for Beitostølen vest, vil ytterlegare vera med å styrke orienteringsaktiviteten i området, mellom anna stolpejakten, som er populær blant barn og unge.

Klubbhuset til Rogne idrettslag ligg i tilknytning til det nybygde kunstgrasanlegget, og er med og stør oppunder aktiviteten her.

Området på Furustrand har moglegheiter for utvikling som eit friluftsområde midt i Heggnes sentrum og med nærleik til ungdomsskulen. Alternative aktivitetsanlegg her vil på sommartid kunne utgjera eit tilbud også for dei som ikkje er blant dei mest aktive elles.

#### **Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til innstilling:**

1. Øystre Slidre kommune sitt hovudmål i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2017 er "Fysisk aktivitet for alle". Prioriterte målgrupper er:

- Barn og unge
- Inaktive
- Funksjonshemma

2. Det blir sett av kr. 316.000,- per år i økonomiplanen som skal nyttast som kommunalt tilskot til spelemiddelsøknader. Totalt for den komande 4-årsperioden blir dette kr. 1.264.000,-

3. Følgjande nærmiljøanlegg blir prioritert i perioden 2018-2021:

Prio	Anlegg	Kostnad	Eigenandel	Spelemiddel	Kommunalt tilskott
1	Orienteringskart Beitostølen vest	80.000		40.000	40.000
2	Aktivitetsanlegg Furustrand	300.000		150.000	150.000

4. Følgjande ordinære anlegg blir prioritert i perioden 2018 – 2021:

Prio	Anlegg	Kostnad	Eigenandel	Spelemiddel	Kommunalt tilskott
1	Rehabilitering av klubbhuset til Rogne	589.000	393.000	196.000	0

	idrettslag				
2	Trillestig Garli-Skiheistoppen	1.100.000	734.000	366.000	0
3	Svømmeanlegg, Beitostølen Helseportsenter	7.200.000	4.800.000	2.400.000	0
4	Furustrand baderampe for utkøyring av rullestol	600.000	84.000	200.000	316.000
5	Rogne lysløype	2.200.000	809.000	733.000	658.000
6	Rehabilitering av styrkerom, Rogne klubbhus	450.000	200.000	150.000	100.000

### 07.09.2017 Formannskapet

#### Behandling:

Rådmannen la fram tillegg til vedtak:

Kulturdepartementet arbeider no med eit nytt idrettsanleggsregister og ny digital søknadsportal for spelemiddel. Denne skal vera klar til bruk frå 1.okt. Søknadsportalen krev at ein må ha idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å kunne sende inn søknaden. Det betyr at vi må sette ein frist for søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i framkant av søknadsfristen for spelemiddel (som er 1.nov). Denne fristen blir sett til 1.okt, og blir føydd til planen som eit punkt under kap. 3 Planprosessen.

Forslag til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

#### FS-081/17 Vedtak:

1. Øystre Slidre kommune sitt hovudmål i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2017 er "Fysisk aktivitet for alle". Prioriterte målgrupper er:

- Barn og unge
- Inaktive
- Funksjonshemma

2. Det blir sett av kr. 316.000,- per år i økonomiplanen som skal nyttast som kommunalt tilskot til spelemiddelsøknader. Totalt for den komande 4-årsperioden blir dette kr. 1.264.000,-

3. Følgjande nærmiljøanlegg blir prioritert i perioden 2018-2021:

Prio	Anlegg	Kostnad	Eigenandel	Spelemiddel	Kommunalt tilskott
1	Orienteringskart Beitostølen vest	80.000		40.000	40.000
2	Aktivitetsanlegg Furustrand	300.000		150.000	150.000

4. Følgjande ordinære anlegg blir prioritert i perioden 2018 – 2021:

Prio	Anlegg	Kostnad	Eigenandel	Spelemiddel	Kommunalt tilskott
1	Rehabilitering av klubbhuset til Rogne idrettslag	589.000	393.000	196.000	0
2	Trillestig Garli-Skiheistoppen	1.100.000	734.000	366.000	0
3	Svømmeanlegg, Beitostølen Helseportsenter	7.200.000	4.800.000	2.400.000	0
4	Furustrand baderampe for utkøyring av rullestol	600.000	84.000	200.000	316.000
5	Rogne lysløype	2.200.000	809.000	733.000	658.000
6	Rehabilitering av styrkerom, Rogne klubbhus	450.000	200.000	150.000	100.000

Kulturdepartementet arbeider no med eit nytt idrettsanleggsregister og ny digital søknadsportal for spelemiddel. Denne skal vera klar til bruk frå 1.okt. Søknadsportalen krev at ein må ha idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å kunne sende inn søknaden. Det betyr at vi må sette ein frist for søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i framkant av søknadsfristen for spelemiddel (som er 1.nov). Denne fristen blir sett til 1.okt, og blir føydd til planen som eit punkt under kap. 3 Planprosessen.

Rett møtebok: